

## **TYSNES KOMMUNE**



## **RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2019**

Vedteken av kommunestyret 26. april 2012  
Rullert av kommunestyret 19. februar 2019

## 1.0 Innhald

1.0 Innhald.....	2
1.1 Innleiing .....	3
1.2 Evaluering og rullering av planen .....	3
1.3 Lovverk .....	3
1.4 Andre dokument og planar som har innverknad på innhaldet i planen.....	3
2.0 Skildring og vurdering av rusmiddelsituasjonen.....	4
3.0 Rusmiddelpolitiske mål og strategiar .....	4
3.1 Nasjonale mål og strategiar .....	4
Mål 1: Tydleg folkehelseperspektiv .....	4
Mål 2: Betre kvalitet og auka kompetanse .....	4
Mål 3: Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering .....	5
Mål 4: Forpliktande samhandling .....	5
Mål 5: Auka brukarinnverknad og betre ivaretaking av barn og pårørande .....	5
3.2 Kommunen sine mål og strategiar.....	5
Målsetnad innan barnevern og sosiale tenester i kommuneplanen: .....	5
Målsetnad innan helsetenestene i kommuneplanen: .....	5
Delmål .....	6
4.0 Tiltak .....	6
AV-OG-TIL .....	6
Barnehagane .....	6
Førebygging i skulen .....	7
Kyrkja.....	7
Svangerskapsomsorg – jordmor .....	7
Helsestasjonen .....	7
TEBU .....	8
Treffstaden .....	9
ROP TEAM.....	9
Pakkeforløp for psykisk helse og rus .....	9
Psykisk helseteneste .....	9
Psykisk helsearbeidar for barn og unge.....	10
Barnevernvakt. ....	10
Krisesenter.....	10
Politisamarbeid.....	11
Tiltak for å regulera tilgangen på alkohol.....	11
Retningsliner for tildeling av sals- og skjenkeløyve .....	11
Gebyr for sal og skjenking .....	12
Sakshandsaming .....	13
Kontroll med sals- og skjenkeløyve .....	13
Retningsliner for reaksjonar etter alkohollova §1-8.....	13
Mynde.....	14
Kommunestyret har m.a. følgjande mynde: .....	14
Administrasjonssjefen har fullmakt i følgjande saker:.....	14
Ansvarleg alkoholhandtering .....	14
5.0 Tiltak innan rehabilitering og oppfølging av rusmiddelavhengige .....	15
IP – individuell plan .....	15
Ivaretaking av barn som pårørande av personar med rusmiddelproblem eller psykiske lidingar .....	15
6.0 Gjennomføring og oppfølging av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen .....	16
6.1 Ansvarsfordeling og framdrift i gjennomføring av tiltak.....	16

### **1.1 Innleiing**

Etter alkohollova §1-7d er kommunen pålagt å utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Planen skal stimulera tverrfagleg samarbeid som er ein viktig føresetnad for å løysa utfordringar knytt til rusbruk.

Planen skal skissera mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet.

### **1.2 Evaluering og rullering av planen**

I følge Alkohollova bør alkoholpolitisk handlingsplan behandlast i kvar kommunestyreperiode. Rulleringa bør ha fokus på i kva grad tiltaka i planen er sett i gong, om dei har hatt ønskjeleg effekt, og om ein bør foreta justeringar i høve til eventuelle nye statlege føringar. Ein bør vera merksam på at ein ikkje kan forventa umiddelbare resultat på dei fleste av tiltaka.

### **1.3 Lovverk**

Lovverk som har innverknad på innhaldet i planen:

Lov av 24. juni 2011 nr. 39 - helse- og omsorgstenestelova  
Lov av 2. juni 1989 nr. 103 om omsetning av alkoholhaldig drikke  
Lov av 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tenester  
Lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntenester  
Lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar  
Lov av 13. juni 1997 nr.55 om serveringsverksemd  
Lov av 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetenestene  
Lov av 2. juli 1999 nr. 62 om psykisk helsevern  
Lov av 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga  
Lov av 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelse

### **1.4 Andre dokument og planar som har innverknad på innhaldet i planen**

- Opptappingsplanen for rusfeltet, Helse- og omsorgsdepartementet  
<http://tidliginnsats.forebygging.no/Statlige-foringer/Opptappingsplanen-for-rusfeltet-20162020/> (denne er aktuell, ny plan fram til 2020)
- Fra bekymring til handling – en veileder om tidlig intervensjon på rusområdet  
<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/339/Fra-bekymring-til-handling-IS-1742.pdf> utgitt 2010 - fortsatt aktuell
- Kommuneplan langsiktig del – samfunnsdel
- Veileder for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan, IS-1362, Sosial- og helsedirektoratet  
<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/630/Veileder-for-kommunal-rusmiddelpolitisk-handlingsplan-%20IS-1362.pdf>

Ny bustadsosial handlingsplan for Tysnes kommune er vedteken omhandlar målgrupper og tiltak som er skildra i denne planen.

## 2.0 Skildring og vurdering av rusmiddelsituasjonen

Tysnes kommune skal vurdere situasjonen knytt til rusmiddelsituasjon i kommunen.

### Tiltak

Det skal minst ein gang i kvar kommunestyreperiode leggjast fram ei vurdering av den rusmiddelpolitiske situasjonen for å sikra at kommunen sin ruspolitikk er kunnskapsorientert og forsvarleg.

Vurderinga skal som minimum innehalde følgjande punkt:

1. Rusmiddelsituasjonen i Noreg
2. Rusmiddelsituasjonen på Tysnes
3. Politiet sine tal for rusrelaterte problem
4. Omsetningsoppgåver og tildelte skjenkeløyve
5. Oversyn over gjennomførte kontrollar

## 3.0 Rusmiddelpolitiske mål og strategiar

### 3.1 Nasjonale mål og strategiar

Nasjonal politikk på rusfeltet har som overordna mål å redusera dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for einskildpersonar og for samfunnet.

Dei overordna måla kan delast inn i fem hovudmål:

#### Mål 1: Tydleg folkehelseperspektiv

Auka forbruk av rusmidlar, fører til auka omfang av sjukdom og ulukker. Det er behov for å få ned den totale alkoholbruken blant heile befolkninga, og bidra til at færre brukar narkotika. Viktige faktorar for å redusera rusmiddelforbruket er knyta til pris, tilgong, auka satsing på førebygging, reduksjon i omfanget av illegale rusmidlar og feil bruk av legemidlar, informasjon om skadeverknadane av rusmidlar, styrka arbeid mot illegale rusmidlar og auka fokus på rus i arbeidslivet.

#### Mål 2: Betre kvalitet og auka kompetanse

Menneske med rusmiddelproblem har rett til gode tenester kjenneteikna av kvalitet. Kvalitet og kompetanse i rusarbeidet er regjeringa sine satsingsområde. Kunnskap, kompetansespreiing, fagutvikling og rekruttering heng saman. Det er behov for eit kvalitetsløft som tek omsyn til at rusfeltet er mangfaldig, tverrfagleg og at det omfattar både offentlege verksemder og private og frivillige organisasjonar. Fleire skal få ta vidareutdanning i rusproblematikk. Ein skal styrka organiseringa av rusarbeidet i kommunane og spesialisthelsetenesta skal styrkast. Ein skal utarbeida metodar for å auka kvaliteten på tenestene. Det skal også verta utarbeidd eit styringssystem for tenestene på rusfeltet for å få betre oversikt, dokumentasjon og statistikk.

### **Mål 3: Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering**

Tenestene til barn og unge må verta meir tilgjengelege. Regjeringa vil heva kompetansen og setja inn tiltak for å oppdaga og tilby hjelp tidlegare enn i dag. For barn og unge under 23 år med rusmiddelproblem eller psykiske lidingar vil regjeringa innføra ventetidsgaranti. Alle personar med rusmiddelavhengighet skal møtast med eit utgangspunkt om at dei har behov for akutt hjelp. Regjeringa skal styrka kapasiteten og oppretta fleire behandlingsslassar i tverrfagleg spesialisert behandling, herunder legemiddelassistert rehabilitering. Samtidig vil regjeringa styrka det kommunale rusarbeidet med betre individuell oppfølging, lågterskeltiltak, oppsøkkande tenester og fleire tilsette i omsorgstenestene. For å gjera tenestene meir tilgjengelege for personar som er i fengsel skal regjeringa gjennomføra fleire fengselsdøgn i behandling og rehabilitering og etablere rusmeistringseiningar i fengsla. For å bidra til mindre fattigdom og at fleire vanskeligstilte på arbeidsmarknaden kjem i arbeid, skal det innførast eit nytt kvalifiseringsprogram for personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne og med ingen eller avgrensa rettar i folketrygda.

### **Mål 4: Forpliktande samhandling**

Personar med rusmiddelproblem har ofte samansette problem og behov for langvarig oppfølging. Å styrka samhandling mellom ulike tenester er spesielt viktig for denne gruppa. Regjeringa innfører ein særskilt rapportering for å forbetre samhandlinga mellom tenestene og gjera den meir forpliktande. Utarbeiding av individuell plan er lovpålagt og det viktigaste verktøyet ein har for samhandling. Opplæringa i å utarbeida individuelle planar skal styrkast. Bruk av avtalar som eit verkemiddel for samarbeid og samordning mellom ulike aktørar skal aukast. Regjeringa har skrivne under ein ny nasjonal råmeavtale med KS om samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta der også rusfeltet er inkludert.

### **Mål 5: Auka brukarinnverknad og betre ivaretaking av barn og pårørande**

Regjeringa vil løfta fram brukarperspektivet for å sikra betre tenester. Regjeringa skal satsa særleg på tiltak for barn av foreldre med psykisk sjukdom og rusmiddelproblem. Det skal utarbeidast nye retningsliner for arbeidet med denne sårbare gruppa. Kommunane treng meir kompetanse i å identifisera og intervensera tidleg overfor barn som lir. Med ei ny stilling i eit fagteam i kvar region, er det statlege barnevernet betre rusta til å driva opplæring og rettleiing til kommunane. Det skal utarbeidast ein eigen nasjonal strategi for tidleg intervensjon. Mange pårørande har store ubrukte ressursar, og desse ressursane må verta betre brukt.

## **3.2 Kommunen sine mål og strategiar**

Opptrappingsplanen for rusfeltet legg føringar for det kommunale rusarbeidet. Det gjer også hovudmålet i gjeldande kommuneplan: Tysnes skal vera ein attraktiv kommune å bu i. Kommunen skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved og leggja til rette for utvikling av arbeidsplassar, bustadtilbod, kulturtilbod, gode offentlege tenester og kommunikasjonar.

### **Målsetnad innan barnevern og sosiale tenester i kommuneplanen:**

- Utvikla samordna tenester
- Leggja vekt på førebygging
- Kompetanse- og kvalitetsutvikling innan sosial omsorg og barnevernet

### **Målsetnad innan helsetenestene i kommuneplanen:**

- Kommunen skal vurdere tiltak for å stabilisera legebemanninga i kommunen

- Helsestasjonstenesta si førebyggjande rolle i tilknytning til ungdomsgruppa skal utviklast

### **Delmål**

- Gode rutinar for samhandling mellom instansar som er i kontakt med unge i alderen (16)18 – 25 år
- Auka den forpliktande samhandlinga gjennom auka bruk av individuell planverktøy Sampro
- Verta i stand til å kjenna igjen risikofaktorar hos unge som er i faresona for rusavhengighet
- Oppfølging av dei unge i risikosona som NAV har/vil få kontakt med.
- Vera tilgjengeleg for brukarane
- Bidra til å gje brukarane ein meir meningsfull kvardag gjennom auka deltaking i samfunnet
- Rullering av Ruspolitisk handlingsplan

Tysnes kommune har elles få planar som seier noko om rusmiddelpolitiske mål og strategiar på kommunalt nivå.

Tiltaka i neste kapittel har som hensikt å oppfylle eit eller fleire av desse delmåla og dei nasjonale måla. Nokre delmål inngår i fleire tiltak.

## **4.0 Tiltak**

### **AV-OG-TIL**

Dette får Av-og-til-kommunane heilt gratis

- Store kampanjeressurser
- Omfattende og variert materiell
- Pressestrategi
- Kunnskap om rusfaglige forhold
- Kommunikasjonsstrategi og mobilisering
- Årleg energikonferanse
- [Verktøykasse](#) og opplæring
- Rådgiving, entusiasme og et nettverk mellom offentlig, frivillig og privat sektor
- Delta i nasjonale kampanjer som setter fokus på alkovett i forskjellige situasjoner

AV-OG-TIL har nasjonale kampanjer. For eksempel kampanje om barn, foreldre og alkohol med filmer og informasjon i sosiale medier.

Organiseringa av AV –OG TIL vert fastsett innan juni 2019.

### **Barnehagane**

Heile oppvekstetaten nyttar seg av Kriseportalen.no. Her er eit av tema «Barns familieproblem» med «Rusbelastede foresatte» som eit underpunkt. I «kriseportalen.no» er det lista opp hjelpeinstansar, faglitteratur og litterære hjelpemiddel som tilsette i barnehagane kan nytta seg av.

Barnehagane kan delta i større prosjekt t.d. «Av og til» med oppslag, utdeling av brosjyrar m.m., der fokus på rus blir sett på dagsorden.

## **Førebygging i skulen**

Tysnes skule deltek i «Ung data» som gjev kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet og førebyggjande arbeid ovanfor ungdom. KoRus, dei nasjonale kompetansesentra på rusfeltet, er ein av oppdragsgjevarane bak Ung data-undersøkinga.

Tysnesskulane nyttar også Kriseportalen.no.

Her er tema som Rusproblem hos elevar eller føresette, rettleiingar for tiltak, samtaleskjema, oppfølgingsplanar m.m. Kriseportalen viser og til hjelpeinstansar, faglitteratur, faktasider, internettressursar og diverse malar og skjema.

Helseskader ved bruk av rusmedel kjem i læreplanen for Naturfag Kropp og helse på 7. og 10. trinn. I læreplanen for 7. trinn er eit av kompetansemåla å drøfta bruk og misbruk av tobakk og ulike rusmiddel.

Oppvekstsektoren har møte ca. 8 gonger i året, med ulike tema kvar gong. Rusproblematikk kan vera eit naturleg tema å ta opp her.

Ein kan og arrangera foreldremøter for føresette i barnehage- og/eller skule, med bruk av rusmiddel som tema. Her har ein mellom anna nytta seg av førebyggjande tenester frå politiet, «Barnevakten» og «Bergensklinikkene».

Konsekvensane ved å vera rusmiddelavhengig er også teke opp i lærebøkene/læreplanane både i samfunnsfag og naturfag.

Det vert arrangert rusfrie arrangement på skulane.

## **Kyrkja**

Kyrkja tek opp tema om ungdom og rus i konfirmantundervisinga.

## **Svangerskapsomsorg – jordmor**

Alle gravide får spørsmål om alkohol og andre rusmidler, snus, røyking, psykisk helse m.m., på 1. gongs konsultasjon. Dette vert ført på det nye Helsekortet for gravide. Det vert og delt ut ulike brosjyrer som: «Den beste starten», «Gode levevaner før og i svangerskapet» frå Helsedirektoratet og «Av og til». Dersom det er mistanke om rus, vert teamet teke opp att på kontrollane og det vert tilvist vidare til Familieambulatoriet i Haugesund og evt. fastlege. Er det mistanke om rus, skal den gravide vera ferdig klarert hos familieambulatoriet, før jordmor tek den vidare oppfølginga. Det er 0-toleranse for alkohol i svangerskapet, då det er ulikt korleis fosteret reagerer på dette.

Er det mistanke om rus, vert dette følgt opp og vert tema i samband med amming og omsorg for barnet.

## **Helsestasjonen**

### **Helsestasjonen 0-5 år**

Helsesøstrene føl nasjonale faglege retningslinjer som rår til at rusmiddelbruk (alkohol og andre rusmidlar) skal vera eit tema på 6 av i alt 14 konsultasjonar på helsestasjonen.

Foreldra har rett på å få rettleiing/helseopplysing om rusmiddelbruk på heimebesøk, ved 4 vekers alder (gruppekonsultasjon), ved 4 mnd, 10 mnd, 2 år og 4 år.

### Skulehelsetenesta 1. -10. kl.

Helsesøstrene føl nasjonale faglege retningslinjer som rår til at:

1. alle elevar på 8. trinn. får tilbod om helsesamtale. Alkohol og andre rusmidlar er eit av mange tema som skal takast opp her. Kopi frå retningslinjene:

«Råd og veiledning om alkohol og andre rusmidler - 8. trinn

*I helsesamtalen på 8. trinn:*

- *Den enkelte bør motiveres til å tenke igjennom og ta et bevisst valg om hvordan de ønsker å forholde seg til alkohol og andre rusmidler*
  - *Ungdom bør få vite at de aller fleste ikke drikker seg beruset i ungdomsskolealderen (avkrefte eventuelle flertallsmisforståelser)*
  - *Ved eventuell eksperimentering og problemer knyttet til alkohol og andre rusmidler, tilby oppfølgende samtale*
  - *Ungdommene må få informasjon om at de kan ta kontakt dersom de har spørsmål eller bekymringer om alkohol og rusbruk knyttet til seg selv eller andre (venner, foreldre med videre)*
2. Skulehelsetenesta bør samarbeida med skulen og det rusmiddelførebyggjande arbeidet i skulen, blant anna gjennom:
    - Planlegging og gjennomføring av undervisning i klassar eller grupper, sjå [anbefalinga Undervisning](#)
    - Deltaking med informasjon i foreldremøter, sjå [anbefalingen Foreldremøter](#)
    - Deltaking i tverrfaglege planleggingsmøte, sjå [anbefalingen Systemrettet samarbeid](#)
    - Arbeid med det psykososiale miljøet på skulen, se [anbefalingen Psykososialt miljø »](#)

Det fins fleire norske program til bruk i det førebyggjande arbeidet knytt til alkohol og andre rusmidlar. Det er likevel opp til den enkelte skule/skuleeigar å ta desse programma i bruk.

I seksualundervisinga i 9.klasse snakkar me om alkohol og korleis bruk/misbruk av alkohol kan påverka kjenslene og at det kan få uheldige konsekvensar.

### Helsestasjon for ungdom:

#### Individuelt:

På helsestasjon for ungdom snakkar ein om alkohol når ein deler ut prevensjon/snakkar om prevensjon.

### TEBU

TEBU gruppa er ei tverretatleg samarbeidsgruppe og eit fagleg fora for alle som arbeider med barn og unge i kommunen. Gruppa held minimum halvårlege møter med aktuelle tema som vedkjem born og unge. Samansetnaden i gruppe består av skulehelsetenesta, psykisk helse, barneverntenesta, oppvekstetaten, pedagogisk psykologisk teneste og barne og



ungdomspsykiatrisk avdeling ved Stord sjukehus. Også andre aktuelle aktørar som politi og lege vert inkludert i gruppa når det er naturleg ut frå tema.

TEBU gruppa er viktig i det rusførebyggjande arbeidet i kommunen. Det er og ein arena for å utvikla samarbeid og rutinar for samarbeid mellom ulike instansar, samt ein arena for informasjon, diskusjon og tiltak i høve til rusarbeidet.

### **Oppvekstmøte.**

### **Treffstaden**

«Treffstaden» for ungdomsskuleelevar er eit lågterskeltilbod med tilbod om ein open sosial arena ein gong i veka etter skuletid. Her tilbyr ein eit feller måltid og sosial aktivitet med t.d spel og film. «Treffstaden» vert drifta i samarbeid mellom tenester for born og unge som består av barnevern, psykisk helse for born og unge, helsestasjon og skulane, og der er alltid 2 vaksne til stades som også har høve til å følgje opp dersom ungdom opplever vanskar. «Treffstaden» bidreg til det rusførebyggjande arbeidet i kommune, ved å vere eit supplement og alternativ til anna organisert aktivitet og til å inkludere alle ungdomar uavhengig av interesser elles.

Det vert arbeidd for å utvide tilbodet på «Treffstaden» til også å kunne tilby opningstider på kveldstid.

### **ROP TEAM**

Sosialtenesta og ROP-team:

Pr. i dag føl sosialtenesta opp brukarar med rus-utfordringar. Sosialtenesta samarbeider hovudsakleg med Lar Fonna, spesialisthelsetenesta i einskildsaker, samt LAR Bergen i saker der brukar har knytt seg til dette helseføretaket. Samarbeidet er nedfelt i samarbeidsavtaler mellom Tysnes kommune og spesialisthelsetenesta i høve utskriving, behandling og økonomi/ansvar. Personer med rus- og psykiske problem er avhengige av ein tverrfagleg tilnærming til utforming av tenestene. På grunn av dette har Tysnes kommune oppretta et Rus- og psykiatri-team: ROP-team.

Rop-teamet skal koordinere og samordne tenester i kommunen, og leggja til rette for tiltak som kan stette brukars mål, på tvers av tenestene i kommunen. Gruppa skal jobbe for å sikre at brukarane får dei tenestene dei har krav på, til rett tid. ROP teamet skal identifisere brukarar og behov som kan skape grunnlag for justering, og tilpassing av tenestene i kommunen.

### **Pakkeforløp for psykisk helse og rus**

Det er utarbeida pakkeforløp for psykisk helse og rus i helsetenesta. Frå 1. januar 2019 kan pasientar tilvisast til de tre første pakkeforløpa. Pakkeforløpa skal bidra til gode, koordinerte og samanhengande tenester til brukar. Dei skal sikre samhandling mellom brukar, ev. pårørande, fastlege, spesialisthelsetenesta, kommunale helse- og omsorgstenester og andre relevante aktørar. <https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/pakkeforlop-for-psykisk-helse-og-rus>

### **Psykisk helseteneste**

Det er eit lågterskeltilbod, og brukarane kan sjølve ta kontakt eller det vert munnleg eller skriftleg søkt via fastlege, Nav, pleie- og omsorg eller spesialisthelsetenesta. Brukarane kan

velje om dei ønskjer samtale på kontoret eller i heimen. Brukarane har klagerett og det vert skrive enkeltvedtak.

### **Psykisk helsearbeidar for barn og unge**

I Tysnes kommune har me psykisk helsearbeidar for barn og unge. Dette er eit lågterskeltilbod der ein mellom anna tilbyr individuelle støttesamtalar for barn og unge, men har ingen behandlande funksjon. Stillinga har fokus på å fanga opp barn og unge i risikogrupper. Stillinga er og retta inn mot førebyggjande arbeid i form av undervising i skule og barnehage, på foreldremøte og blant lærarkollega etc.

Psykisk helsearbeidar er oppnemnt som kommunen sin pårørande kontakt til born og unge som opplever sjukdom i familien. Pårørande kontakten har ansvar for saman med helsetenesta å vurdera i kva grad born/unge treng vidare oppfølging og kva kommunen kan tilby.

Psykisk helsearbeider er også kommunen sitt kontaktpunkt opp mot BUP Stord(barne og ungdomspsykiatri).

Psykisk helsearbeider samarbeider tett med skulehelsetenesta, helsestasjon, barnevern, BUP, PPT, skular og barnehagar.

Bruk av støttekontaktar er eit verkemiddel for å m.a. førebyggje rusproblem gjennom å skape arenaer for sosial kontakt og meningsfull aktivitet.

### **Barnevernvakt.**

Frå januar 2018 har Tysnes kommune hatt avtale med Bergen kommune, om kjøp av teneste i form av barnevernvakt utanfor kontortid.

Kontaktinformasjon til barnevernvakten i Bergen ligg på kommunen sine heimeside. Som del av avtale med Bergen kommune, får tilsette ved Tysnes barnevernteneste tilbod om fagleg samarbeid og fagleg påfyll.

Born, unge, foreldre eller andre som er uroa for korleis eit barn har det, kan såleis kontakte barnevernvakten i Bergen på kveld/helg og når vanskar oppstår.

I samband med arrangementet Tysnesfest, har lokal barnevernteneste etablert ei eiga vaktordning knytt til perioden rundt festivalen. I tillegg har kommunen etablert ein eigen beredskapsheim i denne perioden, som er rusta til å ivareta born og unge som ikkje vert ivareteken på anna måte knytt til festivalen. Dette tiltaket har synt viktig for å ivareta dei borna/ungdomane som har negative opplevingar knytt til festivalen.

### **Krisesenter**

Tysnes kommune er med i Krisesenter Vest IKS.

## Politisamarbeid

Det er teikna eigen samarbeidsavtale med politiet. Det vert gjort 2 årlege møte i politirådet. Samarbeidet tek opp i seg rusrelaterte problemstillingar.

### Tiltak for å regulera tilgongen på alkohol

#### Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve

Alkoholova har klare retningslinjer for kven som kan selja alkohol, kva som kan seljast, til kva tider ein kan selja og sakshandsaming ved søknadar om sals- eller skjenkeløyve.

Tysnes kommune vil leggja til rette for at alkohol kan omsetjast, men at bruk av alkohol fører til minst mogleg negative konsekvensar. Alkoholpolitikken skal regulera dette.

Det vert ikkje sette tak for faste skjenkeløyve.

Det vert lagt vekt på kompetanseheving hjå løyvehavarar – både dei som har fast skjenkeløyve og ansvarlege for skjenking i forsamlingslokala. På den måten sikrar ein at skjenkinga vert følgd opp av personar som kjenner lovverket og har godkjend kunnskapsprøve.

Tysnes kommune vil leggja vekt på følgjande:

- I rusmiddelpolitisk samanheng oppfordrar ein til at arrangementa må ha ein slik karakter at publikum kjem grunna interesse for arrangementet, og ikkje berre leggja vekt på at tilbod om skjenking er avgjerande for oppslutnaden
- Barn og unge sin tilgang til kulturelle arenaer skal i minst mogleg grad avgrensast gjennom omsetning av alkohol. Det skal leggjast vekt på å fremja rusfrie arrangement, og elles sikra tilstrekkeleg avbøtande tiltak i dei høva der barn og unge frå innpass til arrangement der det vert nytt alkohol.
- Dersom barn og unge får tilgang til arrangement der det vert servert alkohol skal det alltid hentast inn særskilt uttale frå barneverntenesta.

#### Punkt 1:

Tysnes kommune vedtek med heimel i §§ 3-7 og 4-4 i Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. og Lov av 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet §15 følgjande retningslinjer for sals-, skjenke og opningstider i Tysnes kommune:

*For salsløyve i Tysnes kommune gjeld Alkoholova, men med den presisering at sal og utlevering av drikk som nemnt i alkoholova § 3-7 (gruppe 1) kan skje fram til kl. 20.00 på kvardagar, og fram til kl. 18.00 på dagar før sun- og helgedagar.*

#### Punkt 2:

2.1	Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 kan skje frå kl. 08.00 - 02.00 På heilag- og offentlege høgtidsdagar er skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 til kl. 01.30. Fortæringstid er 30 minutt etter at skjenketida er slutt.
-----	---

## Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2019 – Tysnes kommune.

2.2	Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00-02.00  Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er forbode på røystedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøystingar vedteke ved lov.
2.3	Opningstider vert å avklara i det einskilde løyve.
2.4	Skjenketid for uteservering vert sett til kl 23.30, med fortæringstid og stengetid til kl 24.00.
2.5	1. juledag, 1. påskedag, langfredag og 1. pinsedag blir det ikkje gjeve einskildløyve etter alkohollova §1-6.
2.6	Løyveplikt gjeld i følgjande samanhengar, jf. alkohollova § 8-9:
2.6.1	All overdraging av alkohol mot vederlag krev løyve, dersom ein t.d. betalar for alkoholhaldig drikk i ein kuvertpris, alkohol er inkludert i inngangspengar, eller i dei høve alkoholhaldig drikk vert seld til sjølvkost eller sterkt subsidierte prisar.
2.6.2	Når utleigar av lokalet eller andre som ikkje er tilskipar av selskapet står for innkjøp av mat og alkohol. Når lokalet vert leigd ut til andre enn privatpersonar. Dersom eit firma, eit lag eller ein organisasjon leiger lokalet, må ein søkja løyve som tidlegare.
2.6.3	Ved ambulerande løyve etter alkohollova §4-5 må ikkje arrangementet vera annonsert i avisa, ved løpesetlar eller på annan måte. Forsamlinga må setja krava til ”slutta lag” der det bl.a. må vera eit naturleg samhøve mellom deltakarane som nyttar dette løyvet.  Kommunen kan krevja at tilskiparen sender inn liste over deltakarane før tilskipinga finn stad.
2.7	Ved ambulerande løyve etter alkohollova § 4-5 vert det gjeve løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 fram til kl. 01.00 og gruppe 1 og 2 til kl. 01.30
2.8	Ved alminneleg løyve vert det gjeve løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 til kl.01.30

### Gebyr for sal og skjenking

a) Gebyret pr. tildelt einskildløyve jf. § 1-6 vert sett til kr 600,-. Dette gjeld arrangement der forventa omsetnad, etter utrekning på grunnlag av satsane i forskrifta, ville gitt eit gebyr på inntil kr 300,-.

b) Gebyret pr tildelt einskildløyve jf. § 1-6 vert sett til kr 3500,- . Dette gjeld arrangement der forventa omsetnad, etter utrekning på grunnlag av satsane i forskrifta, ville gitt eit gebyr på kr mellom kr 300 – 3500,-.

c) For tilskipingar med ei forventa utskjenka mengde alkoholhaldig drikk ut over det som gjeld for a) og b) og d) følgjer ein hovudregelen i forskrifta.

d) Opne tilskipingar, som er av privat karakter der det ikkje vert omsett alkohol mot vederlag, vert gebyret kr 250,- pr skjenkeløyve.

For alle alternativa gjeld:

Gebyret vert fastsett etter opplysningar om forventa. Gebyret vert ikkje tilbakebetalt dersom løyvet ikkje vert nytta.

Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

Saman med oppgåva skal det følgja kvittering frå den som ølet/vinen er innkjøpt gjennom.

Kommunen vil foreta ei etterrekning og eit etteroppgjer dersom det ligg føre eit vesentleg avvik mellom forventa omsetnad og faktisk omsetnad.

### **Sakshandsaming**

- 2.9 Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve skal innehalde opplysningar om kva løyvet gjeld, føremål, skjenkestyrar, skjenkelokale, kva løyve kostar, skjenketid og dato.
- 2.10 Aldersgrense på offentlege arrangement som kan få einskildløyve etter alkohollova §1-6 vert sett til 18 år.
- 3.1 Løyvet kan ikkje gjevast før evt. krav frå skatte- og avgiftsstyresmaktene er kome i orden.
- 3.2 Det vert føresett at verksemda har tilfredsstillande internkontrollrutinar, at løyvehavar har meldt tilsette inn i arbeidstakarregisteret, at det føreligg godkjende arbeidskontraktar for dei tilsette og at dei tilsette har yrkesskadeforsikring.
- 3.3 Det er ein føresetnad at løyvehavar ikkje tillet nokon form for pengespel i skjenkelokala.
- 3.4 For å gjera tydeleg kravet til forsvarleg drift vert det presisert at skjenkestyrar, tilsette og/eller vakter ikkje kan konsumera alkohol og/eller vera påverka av rusmidlar under utføring av arbeidet sitt.

Jf. Alkohollova § 1-7, 2.ledd skal politiet og sosialtenesta *etter gjeldande lovtekst* gje ein uttale ved nye søknadar om løyve.

### **Kontroll med sals- og skjenkeløyve**

#### **Retningslinjer for reaksjonar etter alkohollova §1-8**

Alkohollova §1-8 regulerer det høvet kommunen har til å inndra eit sals- eller skjenkeløyve. Reaksjonane skal vurderast skjønnsmessig i kvart einskild høve på grunnlag av gjeldande lover og forskrifter.

Tysnes kommune nyttar eksterne ressursar til kontroll av sals- og skjenkestader. Det vert utført 3 kontrollar pr år i gjennomsnitt.

Bruk av alkoholhaldig drikk i lokale som nemnt i alkohollova § 8-9 - utan naudsynt skjenkeløyve - er huseigar sitt ansvar. Huseigar må heller ikkje tillata at andre serverer eller drikk alkohol på staden.

Det er politiet, ikkje kommunen, som skal driva kontroll med - og gripa inn overfor - løyvelaus skjenking. Politiet er rette instans for meldingar om ulovleg sal og skjenking utan løyve. Politiet handsamar dette som brot på alkohollova etter § 1-8a.

## **Mynde**

### **Delegasjon av vedtaksmynde**

#### **Kommunestyret har m.a. følgjande mynde:**

- Ansvar for å utarbeida ruspolitisk handlingsplan
- Avgjera søknader om sals- og skjenkeløyve for ein bestemt del av året eller for heile løyveperioden
- Avgjera saker om permanent utviding av sals- eller skjenkeløyve
- Gjera vedtak i prinsipielle saker etter serveringslova

#### **Administrasjonssjefen har fullmakt i følgjande saker:**

- Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve som varer inntil tre dagar, § 4-5, §1-6
- Utviding av skjenkelokale for eit enkelt høve §4-2
- Godkjenning ved skifte av styrar og avløyser § 1-7 c
- Fastsetja frist for innlevering av oppgåve for forventa omsett mengde alkohol § 7-1 og tilhøyrande forskrift
- Fastsetja løyvegebyr og frist for innbetaling, §7-1 og tilhøyrande forskrift
- *Tildeling av prikkar etter alkoholforskrifta kap. 10, ved brot på alkohollovgjevinga.*
- Inndraging der omsetningsoppgåve ikkje er levert eller løyvegebyr ikkje er innbetalt
- Inndraging av løyve, jf. §1-8, når løyvet ikkje er nytta siste år
- Saker etter serveringslova når saka ikkje er av prinsipiell karakter
- *Dispensera frå retningslinene i planen etter konkret vurdering i særskilde tilfelle.*

### **Ansvarleg alkoholhandtering**

Ansvarleg handtering er eit nasjonalt program som har som mål å førebygge overskjenking og skjenking til mindreårige, samt redusera rusrelatert vold.

Verkemiddel er:

- Fokus på kommunen sin skjenkekontroll
- Systematisk samarbeid mellom kommune-bransje-politi

- Kompetanseheving for tilsette og leiarar på skjenkestadar ( bl.a. Alkoholoven § 8-11)

Helsedirektoratet har nasjonalt ansvar for det faglege innhaldet i programmet. Kompetansesentra har det regionale ansvaret. Kommunen har ansvaret for å leggja til rette for og gjennomføre Ansvarleg alkoholhandtering. Kompetansesenteret kan bidra i implementeringsarbeidet og bistå fagleg.

## **5.0 Tiltak innan rehabilitering og oppfølging av rusmiddelavhengige**

### **IP – individuell plan <sup>1</sup>**

Personar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege hjelpeapparatet, har rett til å få utarbeidd ein individuell plan.

### **Opptappingsplanen på rusfeltet (lansert i 2007 – ny plan gjeldende 2016- 2020 med følgjende mål:**

Opptappingsplanen har fem overordna mål:

1. Det skal sikres reell brukerinnyflytelse gjennom fritt behandlingsvalg, flere brukerstyrte løysningar og sterkere brukervedvirkning ved utforming av tenestetilbudet.
2. Sikre at personar som står i fare for å utvikle et rusproblem skal fanges opp og hjelpes tidlig.
3. Alle skal møte et tilgjengelig, variert og helhetlig tenesteapparat.
4. Alle skal ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre.
5. Det skal utvikles og i større grad tas i bruk alternative straffereaksjonar og straffegjennomføringsformer.

Målsetnad innan barnevern og sosiale tenester i kommuneplanen (– kanskje det må skiljast, slik at det vert naturleg å visa til den nye kommuneplanen. F eks kan målsetnad for sosialtenesta vere:

Sosialtenesta og ROP-teamet skal syta for eit tverrfagleg samarbeid med faste arenaer for forbetring og utvikling av tenestetilbudet til brukarar innan rus og psykiatri.

### **Ivaretaking av barn som pårørande av personar med rusmiddelproblem eller psykiske lidingar**

Kommunen har rutinar i høve til dette, og dei bør haldast oppdatert i høve til endringar i lovverk og nye tilsette.

---

<sup>1</sup> Veilederen IS-1253 finnes på [www.shdir.no](http://www.shdir.no)

## 6.0 Gjennomføring og oppfølging av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen

### 6.1 Ansvarsfordeling og framdrift i gjennomføring av tiltak

Tabellen viser ei totaloversikt over tiltak som er skildra i denne planen.

Ansvar for det enkelte tiltak er fordelt over fleire instansar og ulike nivå i organisasjonen.

Tiltak	Samarb. Instansar	Ansvarleg	Tidsplan	Kostnad
<b><u>Allmennførebyggjande tiltak</u></b>				
AV-OG-TIL	Relevante instansar i høve til arbeidsgruppene	Vert avgjort innan juni 2019	Eksisterande.	
Førebygging i barnehagane/foreldremøte	Barnehagane, oppvekstsjef	Oppvekstsjef	Eksisterande	
FRI	Tysnes skule	Tysnes skule	Eksisterande	
Unge & Rus	Tysnes skule	Tysnes skule	Eksisterande	+ kr 10 000,- KoRus Vest
Svangerskapsomsorg/ rutinar gravide med rusproblem	Jordmor, helsestasjon, fastlegane, barnevern,	Jordmor	Fortløpande	
Helsestasjon	Helsestasjon, AV-OG-TIL koordinator	Helsestasjon	Eksisterande	
TEBU – møte	Relevante instansar	Psykisk helsearbeidar (innkalling)	Eksisterande	
TBU – team		Helsestasjon	Fortløpande	
Aktivitetstilbod for uorganisert ungdom	Relevante instansar/ frivillige lag og organisasjonar		Fortløpande	Søkja midlar frå ulike fond
<b><u>Førebyggjande tiltak overfor risikoutsette grupper</u></b>				
Barnevernvakt	Barnevern, politi	Barnevern, politi	Fortløpande	?
Konsultasjonsteam	Relevante instansar	BUFETAT	Eksisterande	
Lågterskel psykisk helseteneste		Helsestasjonen	Eksisterande	
AKAN	Bedriftssjukepleiar, AKAN – kontaktane		Eksisterande	
Psykiatritenesta	Psykisk helsearbeidar for barn og unge og for vaksne	Helse- og sosialsjef	Eksisterande	



Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2019 – Tysnes kommune.

Støttekontaktar	Relevante instansar	Helse- og sosial	Eksisterande	
<b>Tiltak innan rehabilitering og oppfølging av rusmiddelavhengige</b>				
Individuell Plan (IP)	Relevante instansar	KE	Eksisterande	
Ytre Sunnhordland samhandlingsteam (YSS)	Relevante instansar	NAV	Eksisterande	
Legemiddelassistert rehabilitering (LAR)	Nav sosial, fastlege	NAV	Eksisterande	
Råd/retteiing			Eksisterande	
Tilvising til vurdering i spesialisthelsetenesta	Nav sosial, psykisk helsearbeidar, fastlege	NAV	Eksisterande	
Midlertidige tiltak ved mangel på eigna institusjonsplass	Nav sosial, fastlege, div.	NAV		
Tilrettelagt bustad	Helse- og sosial		Fortløpande	
Økonomi- og gjeldsrådgeving	Nav	NAV	Eksisterande	
Ivaretaking av barn som pårørande av personar med rusmiddelproblem	Alle einingar i kontakt med brukarar og pårørande	NAV	Fortløpande	
Samhandling internt i kommunen	Relevante instansar	Nav sosial/ psykiatritenesta	Fortløpande	
<b>Tiltak for å redusera tilgongen på alkohol</b>				
Tildeling av sals- og skjenkeløyve		Rådm/politisk	Eksisterande	
Sosialtenesta sin uttale til søknadar om skjenkeløyve	Relevante instansar i høve til søknad	Helse- og sosialkontor	Eksisterande	
Barneverntenesta sin uttale til søknadar om skjenkeløyve ved open aldersgrense		Barnevern tenesta		
Gebyr for sal og skjenking		Rådmann	Eksisterande	
Kontroll med sals- og skjenkeløyve	Pol. Sekr, politi, vaktelskap	Rådmann	Eksisterande	